



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Valstyret

Møtedato: Sak nr:
24.04.2019 2/19

Saksbehandlar:	Kåre Strand	Arkiv:	014
Arkivsak:	18/2532-52		

KOMMUNESTYREVALET 2019 - GODKJENNING AV LISTEFORSLAG

Bakgrunn for saka

Frist for innlevering av listeforslag til kommunestyrevalet var 01.04.19 kl. 12.00. (Jf. Vallova § 6-1).

10 parti leverte liste til Klepp kommune innan fristen gjekk ut:

- Arbeiderpartiet
- Folkeaksjonen nei til mer bompenger
- Fremskrittspartiet
- Høyre
- Kristelig Folkeparti
- Miljøpartiet Dei Grøne
- Raudt
- Senterpartiet
- Sosialistisk Venstreparti
- Venstre

Det er sendt brev, datert 01.04.19 til alle listekandidatane. Fristen for å krevje fritak blei sett til 09. april 2019.

Etter vallova kan ein kandidat krevja fritak frå å stå på ei valliste (jf. Valglovens § 3-4):

(1) Rett til å krevje seg fritatt fra valg til fylkesting og kommunestyre har den som avgir skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stille til valg på den aktuelle valglisten.

(2) Kandidater som er satt opp på listeforslag må søke om fritak innan den frist valgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget. Den som har fritaksgrunn, men som unnlater å påberope seg retten til fritak fra å stå på liste, kan ikke påberope seg dette forhold som fritaksgrunn etter å ha blitt valgt.

Innan fristen hadde 6 kandidatar søkt om fritak:

Kandidat nr. 6 Susanne Horpestad og kandidat nr. 24 Torunn Ellingsen på Senterpartiet si liste har gitt melding om at dei ikkje ønskjer å stå på denne lista. Partiet har gitt melding om kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.



Kandidat nr. 8 Nora Shaban på Venstre si liste har gitt melding om at ho ikkje ønskjer å stå på denne lista. Partiet har gitt melding om kandidatane bak rykker eit trinn opp på lista i uendra rekkefølge.

Kandidat nr. 8 Eli Salte på Folkeaksjonen Nei til mer bompenger si liste har gitt melding om at ho ikkje vil stå på denne lista. Partiet har gitt melding om kandidatane bak rykker eit trinn opp på lista i uendra rekkefølge.

Kandidat nr. 21 Joakim Eielsen Barø på Fremskrittspartiet si liste har gitt beskjed om at han ikkje ønskjer å stå på denne lista. Partiet har gitt melding om kandidatane bak rykker eit trinn opp på lista i uendra rekkefølge.

Kandidat nr. 10 Ragnhild Rørstad på Arbeiderpartiet si liste har gitt beskjed om at ho ikkje ønskjer å stå på denne lista. Partiet har gitt melding om kandidatane bak rykker eit trinn opp på lista i uendra rekkefølge.

Audun Østevik er ført opp som kandidat nr. 19 på Sosialistisk Venstreparti si liste og som kandidat nr. 3 på Raudt si liste. Han har ikkje trekt seg frå nokon av listene.

Valglovens § 6.6 seier følgjande:

Valgmyndighetene skal underrette samtlige kandidater på listeforslagene om at de er satt opp på listeforslag og opplyse om adgangen til å søke om fritak. En underskriver eller en kandidat som står på flere listeforslag for samme valg, skal gis pålegg om å melde fra innen en bestemt frist hvilket forslag vedkommende vil stå på. Ellers settes vedkommende opp på det listeforlaget som ble innlevert først.

Dette er utdjupa i Valghåndboka pkt. 7.8

Hvis en person står som forslagsstiller/kandidat på flere listeforslag, må valgstyret/fylkesvalgstyret be vedkommende velge hvilket av dem han/hun vil stå på. Hvis vedkommende ikke svarer på henvendelsen innen den fastsatte fristen, skal vedkommende settes opp på det listeforlaget som ble innlevert først og strykes på de øvrige.

https://www.regjeringen.no/contentassets/328b3cb156974d358f63319277a52837/valghandboken_2019.pdf

SV leverte sitt listeforslag 18.03.2019, mens Raudt leverte sitt listeforslag 29.03.2019. Ut frå dette skal Audun Østevik strykast frå Raudt sitt listeforslag.

Tillitsvald for Raudt er informert, og har gitt melding om at kandidatane bak rykker eit trinn opp på lista i uendra rekkefølge.

Alle dei aktuelle listekandidatane er kontrollerte og samtlege er valbare.

Vedlegg

- Listeforslaga frå partia

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Kandidat nr. 6 Susanne Horpestad og kandidat nr. 24 Torunn Ellingsen på Senterpartiet si liste blir fritekne frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
2. Kandidat nr. 8 Nora Shaban på Venstre si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.

3. Kandidat nr. 8 Eli Salte på Folkeaksjonen Nei til mer bompenger si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
4. Kandidat nr. 21 Joakim Eielsen Barø på Fremskrittspartiet si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
5. Kandidat nr. 10 Ragnhild Rørstad på Arbeiderpartiet si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
6. Kandidat nr. 3 Audun Østevik på Raudt si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
7. Valstyret godkjenner partilistene til kommunestyrevalet 2019, med dei justeringane som går fram av dette vedtaket punkt 1 – 6.

Valstyret den 24.04.2019 sak 2/19

Behandling:

Etter publisering av sakspapira til møtet, blei det lagt til eit nytt vedlegg til sak 2/19 med fylgjande endring i innstillinga punkt 5:

Kandidat nr. 10 Ragnhild Rørstad på Arbeiderpartiet si liste blir friteken frå å stå på vallista. Åse May Fagerlid Mossige blir ført opp på denne plassen.

Votering

Innstillinga punkt 1-7, inkludert nytt punkt 5, fekk 9 stemmer.

Samrøystes VEDTAK:

1. Kandidat nr. 6 Susanne Horpestad og kandidat nr. 24 Torunn Ellingsen på Senterpartiet si liste blir fritekne frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
2. Kandidat nr. 8 Nora Shaban på Venstre si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
3. Kandidat nr. 8 Eli Salte på Folkeaksjonen Nei til mer bompenger si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
4. Kandidat nr. 21 Joakim Eielsen Barø på Fremskrittspartiet si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
5. Kandidat nr. 10 Ragnhild Rørstad på Arbeiderpartiet si liste blir friteken frå å stå på vallista. Åse May Fagerlid Mossige blir ført opp på denne plassen.
6. Kandidat nr. 3 Audun Østevik på Raudt si liste blir friteken frå å stå på vallista. Kandidatane bak rykker opp på lista i uendra rekkefølge.
7. Valstyret godkjenner partilistene til kommunestyrevalet 2019, med dei justeringane som går fram av dette vedtaket punkt 1 – 6.

Rett utskrift, 30.04.2019

Marita T. Gamlemshaug
formannskapssekretær